



Ingebjørg Haugland er her i midten, til venstre står Njål Hatteberg og Malin Omvik og til høyre Anders Bennes og Kenneth Stensletten.

Ingebjørg Haugland (15) frå Uskedalen er ikkje berre ei framifrå idrettsjente, ho er også interessert i det som skjer i lokalsamfunnet og i verda. Mellom anna er ho elevrådsleiar ved Rosendal ungdomsskule og fredag er ho sentral i skuleløp-utgåva av Kvinnheradløpet.

Sponsorinntektene går til flaumofra i Pakistan.

240 elevar frå ungdomsskulen, Malmanger og Omvikdalen oppvekstsenter deltek i løpet og det er første gong elevane har fått i oppgåve å skaffa seg personlege sponsorar.

- Vi er ganske mange elevar så viss alle klarar å skaffa seg sponsorar bør vi få inn litt pengar, seier Ingebjørg til Kvinnheringen.

Rektor Stein Elling Schille har ideen om å engasjera elevane i sponsorarbeidet frå England, der dei er flinke til å få sponsorar.

Allereie før løpet har elevane fått inn 9.800 kroner frå næringslivet i Rosendal.